



Verksemdsleiar Tormod Fossheim orienterer leiar Egil Heimvik og søkjar Bjarne Stensletten under synfaringa onsdag førmiddag. (Av Ola Matti Mathisen).

Med sju mot fire røyster har forvaltningskomiteen onsdag sagt ja til Bjarne Stenslettens naustprosjekt like aust for Eidsvik Skipsbyggeri. Mindretalet på fire røysta for framlegget frå rådmannen, som for andre gongen gjekk i mot dispensasjon fordi han meinte at eit prosjekt av ein slik storleik bør vurderast under neste rullering av kommuneplanen. Men no kjem det an på kva fylkesmannen meiner.....

Dei sju var frå Høgre, Framstegspartiet, Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Tverrpolitisk Samlingsliste medan mindretalet var frå Venstre, Sosialistisk Venstreparti, Senterpartiet og Uavhengig Sentrum. Komiteen var på synfaring av det aktuelle området før møtet i Rosendal. Saka vart utsett for synfaring då ho var oppe i komiteen før jul.

Stensletten har søkt om dispensasjon frå arealføremålet LNF i kommunedelplanen og forbodet mot byggjing i strandsona. Prosjektet inneheld naust i tre parsellar innanfor ei 100 meter lang sone. Stensletten har grunngeve søknaden med at området ligg i utkanten av LNF-område og grensar opp til område for fritidsbustader i aust og bustadbyggjing i sør. Han har også vist til at området ikkje er attraktivt som badeområde eller friluftssinteresser og vil fungera betre som nausttomter for det næraste bustadområdet.

Knut Arne Fatland (Frp) sa i komiteen at prosjektet er eit lite inngrep og at naustgruppene blir ståande i tilknytning til andre naust.

- Nausta blir bygt på ein kjempeplass, sa han og fekk støtte frå Morten Vevatne (H), som hadde hatt ei avklarande oppleving under synfaringa. Også han la stor vekt på at prosjektet kjem i eit naustområde som allereie er etablert.

Det er ikkje eigna til andre føremål og utgjer heller ikkje noko trugsmål mot ålmen ferdsel, meinte Vevatne. Ingemund Løland (Ap) peika på at det også etter denne naustutbyggjinga vil vera att eit stort nok område til bading og andre friluftssaktivitetar. Han minte dessutan om at naboane er for prosjektet.

Leiar Egil Heimvik (Frp) spurde om tomtstorleiken burde definerast og verksemdsleiar Tormod Fosshheim svara at det er sagt 7 x 10 meter.

Synnøve Handeland (V) var i tvil om det var nokon vits i å seia ja så lenge fylkesmannen har den haldninga han har.

- Vi kan synest at vi har ein god ide, men det vil sikkert koma ei klage frå fylkesmannen viss vi seier ja. Og all erfaring tilseier at klaga får medhald hos settefylkesmannen. Seier vi ja, skapar vi på den måten forventningar som ikkje blir innfridd.

Ein kan bli temmeleg frustrert over dette, men slik er det.

Øyvind Hardeland (Ap): - Men ved første kommuneplanrevisjon må vi få inn dette som naustområde.

Eit vilkår for å kunne seia ja i ei sak som dette er at ein kan visa til "særlege grunnar". I dette tilfellet heiter det i framlegget som vart vedteke at komiteen i prisippet gjev dispensasjon slik at det kan delast frå to nausttomter i austre del av det omsøkte området samt det eksisterande naustet i vestre del av området. Storleiken på nausttomtene skal vera 7 x 10 meter.

Om "særlege grunnar" heiter det: "Komiteen meiner det er særlege grunnar til dispensasjon. Frådelinga i vest gjeld eit eksisterande naust. Dei to tomtene i aust vil verta liggjande inntil eit frå før utbygd område, og vil med samla breidde på 14 meter bere beslagleggja ein liten del av strandlina. Resterande del av strandlina, ca. 65 meter, vert liggjande att som LNF. Dispensasjonen vil såleis ikkje i vesentleg grad koma i konflikt med offentlege og allmenne omsyn."

Før det kan gjerast endeleg vedtak, må saka sendast på høyring til regionale styresmakter, inklusiv Statens vegvesen med omsyn til avkørsle og parkering.

Av Ola Matti Mathisen



Forvaltningskomiteen på synfaring på det aktuelle område aust for Eidsvik. (Foto: Ola Matti Mathisen)